



Her er 20 av dei 60 som jobbar med Festidalen framfor Dønhauglåven

Festidalen vert stadig meir regional og får eit stadig sterkare preg av å vera ein folkefest for alle. Det konstaterer Festidalen-general Bjørn Olav Tveit under ein pressekonferanse ikveld der programmet vart presentert i sin heilheit med unntak av sjølve konsertane.

Tveit slo fast at festivalen har vorte stadig meir mangfaldig og livskraftig sidan han vart vekt til live att i 2012. Ifjor vart eit førebels høgdepunkt nådd med sal av 1800 bilettar. Då måtte arrangørane stengja salet og målsetjinga i år er 2000. Festidalen strekkjer seg no over 4 dagar med start på føredragskvelden i Gamleskulen torsdag klokka 19 og slutt på Festifjellet søndag ved Bjørnebølsfossen. Interessen er stor for fleire av programpostane.

Det gjeld ikkje minst Festidagen som er for dei unge og som tek til å verta fullteikna for fleire av gruppene.

Ein av dei mest spenstige nyheitene i år er Lambasleppet der dei unge talentane får utfalda seg frå klokka 13 laurdag. Det kjem etter ein times Festitaren som også slo godt an i fjor.

Næringslivsseminaret vert nok også ein ny fulltreffar. Det startar klokka 14 fredag i Aktivitetshuset og det varslast at det får preg av å vera ein krosskopling mellom politikk og næringsliv. Den vidare utvikling av næringslivet i regionen er eit aktuelt tema og arrangørane ser for seg eit fullt hus. Professor Frank Aarebrot toppar lista over dei som skal ha ordet. Ein annan som er kjent som kommentator og som skal i elden er Knut Vikør, men det er på torsdag i Gamleskulen.

Når det gjeld Festifjellet er det tredje gong det vert freista å arrangera det og denne gongen får vi håpa at vergudane er velvillige.

I år er Sparebanken Vest og Harding hovudsponsorar. Bjørn Olav Tveit priste dei for godt samarbeid og for at dei på denne måten er aktive samfunnsaktørar. Det er rundt 60 som jobbar med Festidalen på årsbasis - meir eller mindre.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen